



KOPI

Meland Bygg AS
Melandsvegen 279
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/664 - 19/16546

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
16.08.2019

Godkjenning - igangsettingsløyve for oppføring av tomannsbustad, riving av hytte, etablering av veg - GBNR 9/28 Hjertås

Administrativt vedtak. Saknr: 169/2019

Tiltakshavar: Meland Bygg AS

Ansvarleg søkjar: Byggm Steinar Thunold AS

Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting for delar av tiltaket: riving av hytte, grunn- og terrengarbeid ved oppføring av tomannsbustad (hus 1 og 2), utomhus for hus 1 og 2 og etablering av avkjørsel og vegtilkomst til tomannsbustad.

Utval for drift og utvikling har i vedtak PS 54/2019 den 11.06.19 gjeve rammeløyve.

Det er gjeve rammeløyve den 23.11.18 til opparbeiding av utomhus og VA-anlegget på gbnr 9/28.

Det vert elles vist til søknad motteken 22.07.19 og supplert 06.08.19. Søknad om tilkopling til kommunalt VA-anlegg vart motteke 06.03.18. Det er innsendt revidert kart som viser VA-leidningar og overvatn den 16.08.19.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den vart motteken. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 02.08.19.

Dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg søkjar 06.08.19 og 16.08.19.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Ansvarleg søkjar og andre involverte føretak må registrere avvika i sitt internkontrollsystem og treffe tiltak for å unngå gjentaking.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 07.08.19 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Ansvarleg søkjar har sendt inn gjennomføringsplanen den 06.08.19.

Avfallsplan

I tråd med PBL § 29-8 og avfallsforskrifta § 15-6 skal avfallsrapport for oppføring av nybygg bustad med samla bruksareal på over 300 m² sendast inn før ferdigattest kan utstedast. I dette tilfelle er det gjeve rammeløyve for 2 tomannsbustader om felles bruksareal overskrider 300 m².

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for graving, legging VA i grunn, VA-anlegg inklusiv overvatn, riving av hytte, grunn- og terrengearbeid ved oppføring av tomannsbustad (hus 1 og 2) med utomhus for hus 1 og 2, avkjørsel frå kommunal veg og vegtilkomst på følgjande vilkår:

- Rammeløyve av 11.06.19 i UDU sak 54/2019 og rammeløyve for utomhus og VA-anlegg av 23.11.18 med vilkår gjeld for tiltaket.
- Det skal søkjast om igangsetting av resterande del av tiltaket før byggjearbeid over grunnmur kan setjast i gang.
- Avkjørsel frå kommunalveg og interne veger skal opparbeidast slik det er omsøkt i situasjonskart motteke 20.05.19 datert 18.09.18.
- VA-anlegg og overvatn skal utførast i samsvar med kart motteke 16.08.19.
- Ved etablering av fleire bueiningar i prosjektet (fleire enn 4) skal det utarbeidast felles fordrøyningsmagasin som skal gjelde for heile feltet.
- Ved etablering av fleire bueiningar i prosjektet (fleire enn 4) skal det utarbeidast felles leike-uteareal i samband med pkt. 1.6.12 tabell 5 i kommuneplanen for Meland kommune. Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.
- Avfallsrapport for nybygg med samla bruksareal på over 300 m² skal sendast inn før ferdigattest kan utstedast.
- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen før ferdigattest skal utstedast.

Vidare gir kommunen løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg som omsøkt i søknad journalført 06.03.18 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, jf. kommuneforlaget.

- *Tilknytninga skal skje i kum. Ta kontakt med kommunen si driftsavdeling for tilvising av plassering. Melding om dokumentasjon frå utførande røyreggjar skal sendast til kommunen når tilknytninga er utført.*
- *Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding om dette til kommunen.*
- *Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ, der tilknytingsgebyret i 2019 for vatn er kr. 20 000,- og for kloakk kr. 20 000,- pr. bueining + mva.*

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gitt unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt gjennomføringsplan motteke 06.08.19 og innsendte erklæringar, jf. pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart Mjukebakkane kopi
Ansvarsrett

Vedlegg:

Ansvarsrett

Ansvarsrett

Ansvarsrett og samsvarserklæring

Ringmur kopi

Kopi til:

Meland Bygg AS

Melandsvegen 279 5918

FREKHAUG

Mottakrar:

Byggm Steinar Thunold AS

Sollsmittet 2 5136

MJØLKERÅEN

KOPPI